



DEN NORSKE KYRKJA

Askvoll sokneråd

Møteprotokoll for Askvoll sokneråd

Tid: 01.03.2016 kl. 15:15-18:45

Stad: ASKVOLL

Møtande:

Jostein Gryte	Leiar
Wenche Gabrielsen	Nestleiar
Anne Grethe Lien	Medlem
Terje Mork	Medlem
Ingvild Loftheim	Medlem
Aud Eldrid Frøholm	Medlem
Arne Fedøy	Medlem
Stein Hugo Fykse	Medlem
Else Stølen	Medlem
Egil Helge Tjønneland	Varamedlem
Eva Iren Landøy	Varamedlem
Karen Anny Espedal	Varamedlem

Møtande frå administrasjonen:

Rune Ziener	Kyrkjeverje
-------------	-------------

Forfall:

Leif Jørgen Leknes	Medlem
Halldis Rørvik	Medlem
Harriett Norstrand	Medlem

Saker handsama på møtet:

Saksnr	Uoff	Tittel	Sakshandsamar
SR 2016/10		Godkjenning av innkalling og dagsorden.	RUNE ZIENER
SR 2016/11		Godkjenning av protokoll frå møte 14.01.2016.	RUNE ZIENER
SR 2016/12		Skriv/meldingar og drøftingar	RUNE ZIENER
SR 2016/13		Økonomisk status. Kyrkjeblad for Askvoll	RUNE ZIENER
FR 2016/14		Årsrekneskap og årsmelding 2015	RUNE ZIENER
FR 2016/15		Brannsikring Vilnes kyrkje. Val av løysing for alarm- og automatisk slokkeanlegg	RUNE ZIENER
FR 2016/16		Gjennomgang av stillingsinstruksar i Askvoll sokn	RUNE ZIENER

Askvoll, 01.03.2016

Rune Ziener
Referent

SR 2016/10 Godkjenning av innkalling og dagsorden.

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd godkjenner innkallinga og dagsordenen som dei ligg føre.

MØTEHANDSAMING

Det vart lagt til ei drøftingssak til sak SR 2016/12, men ein fekk ikkje tid til å ta med denne i møtet likevel.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd godkjenner innkallinga og dagsordenen som dei ligg føre.

SR 2016/11 Godkjenning av protokoll frå møte 14.01.2016.

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd godkjenner protokollen frå møtet i Askvoll sokneråd 14.01.2016.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd godkjenner protokollen frå møtet i Askvoll sokneråd 14.01.2016.

SR 2016/12 Skriv/meldingar og drøftingar

UTGREIING

Følgjande skriv og meldingar vart lagt fram og drøftingar føreteke:

M 2016/07 KRYSS Revisjon: *Kompensasjon av meirverdiavgift til Askvoll sokn, org. nr. 976 996 267, for 2015 - Revisjonsmelding* (15.02.2016).

M 2016/08 Værskadar på kyrkjebygga

M 2016/09 Askvoll sokneråd sitt AU: Orientering om hastevedtak i samband med kjøp av konsulenttenester for brannsikring av Vilnes kyrkje.

M 2016/10 Bjørgvin bispedømmeråd: Godkjenning av regulering av gravplassvedtekter (19.02.2016)

M 2016/11 Kyrkjelydsutvalet i Kvammen: *Referat frå møte 09.02.2016*

M 2016/12 Drøftingstema: Aktuelt frå kyrkjelyden i Holmedal

M 2016/13 Drøftingstema: Diakoni i Askvoll:

- kva er eit diakoniutval?
- kva er ein diakonalplan?
- kva skal/bør den innehalde?
- korleis vi kan gå fram for å få tilsett ein diakon
- ulike måtar til å finansiere ei slik stilling
- kva er omfatta av begrepet diakoni?

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd tek dei framlagde skriv og meldingar, samt drøftingane til orientering.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd tek dei framlagde skriv og meldingar, samt drøftingane til orientering.

SR 2016/13 Økonomisk status. Kyrkjeblad for Askvoll

UTGREIING

Økonomisk status for kyrkjebladet

Det er økonomisk ubalanse i trykke- og distribusjonskostnader for kyrkjebladet for Askvoll sett opp mot dei inntektene ein har for bladet. Kyrkjeverja er bedt om å lage ei sak for å sjå på moglege tiltak for å rette opp i ubalansen.

Rekneskapital/førebels rekneskapital gir følgjande totaloppsett for to siste år*:

	2015	2014
Trykking/porto	70.496,-	101.355,-
Bladpengar	-49.703,-	-46.800,-
Annonsar	-1.800,-	-5.250,-
Kyrkjeofringar	-15.313,-	-9.730,-
Underskot	-3.680,-	-39.575,-

*Tal for to føregåande år gir ingen relevant info, fordi det denne perioden berre vart gitt ut eitt nummer av kyrkjebladet.

I løpet av 2014 og 2015 er det gjort nokre grep for styrke økonomien for kyrkjebladet:

- redusert for stort opplag (reserveopplaget)
- redusert talet utsendingar til «friabonnement» utanfor kommunen
- auka opp tal kyrkjeofringar til kyrkjebladet
- forsøk på å auke annonsesalet ved å tilby fleire annonseformat (enkeltannonsar har fått prisreduksjon samstundes som det er opna for rimelegare småannonsar men med høgre arealpris)

Utgiftssida:

I rekneskapen er det trykkekostnader og porto til dei med adresselapp som vert utgiftsført. I nokon grad vert det kjøpt inn utstyr til bladet også, men det er ikkje med i oppsettet nedanfor. Ombering innanfor kommunen skjer på dugnad i sokneråd/kyrkjelydsutval, og medgått arbeidstid til produksjon av bladet inngår ikkje i rekneskapen.

Det er i hovudsak to kostnadsvariablar i produksjonskostnaden for bladet:

- *Tal utgåver pr. år*
- *Sidetal pr. utgåve*

Det har vore eit sett mål i førre sokneråd at bladet skal ut med 4 utgåver pr. år, men det har ein berre fått til i 2014.

Utgåvehistorikk siste åra (og plan for 2016) er:

2013: 0 nummer

2014: 4 nummer (20s/20s/12s/12s)

2015: 3 nummer (12s/16s/16s)

2016: 3 nummer

Ca. produksjonskostnad pr. 2016 med dagens opplag

Sidetal	Pris pr. eksemplar	Porto	Samla utgåvekostnad
12 sider	kr 11,64	1620	19.047,-
16 sider	kr 18,45	1646	27.707,-
20 sider	kr 20,78	1800	31.160,-

Om ein held fram med tre nummer pr. år, vil trykkeutg./porto koste mellom 57.142,- og 93.480,- (her er innbetalingsgiro inkludert).

Inntektssida:

Inntektssida for kyrkjebladet heng i svært liten grad saman med faktiske kostnader.

Inntektene består av:

- Frivilleg bladkontingent
- Bladkontingent for utanbygds abonnentar
- Kyrkjeofringar

- *Bladpengar*

Frivilleg bladkontingent utgjer største inntektskilda for bladet. Det vert lagt inn innbetalingsgiro i bladet ein gong årleg. Vi har sett kr 200,- som årleg kontingent, men innbetalingane varierer i hovudsak mellom kr 100,- og 500,- pr. (givar) husstand.

Det vert ikkje ført særskilt rekneskap over utanbygdsabonnentar, og her kan kontrollrutinane for kven som faktisk betalar i tillegg verte betre.

Bladkontingent utgjer:

2015 kr 46800,- (ikkje endeleg rekneskap)

2014 kr 49703,-

Det vert lagt ut ca. 1200,- blad i postkassane. Når bladinntektene (inkl. utanbygdsbetalingane ligg på under kr 50.000,- totalt) tyder det på at det er mange husstandar som ikkje betalar. Om lag 1200 blad vert delt ut, og om alle betalte rettleiande sats, ville det gi ei inntekt på kr 240.000,-.

Det er sjølv sagt ingen realisme i eit slikt tal, men det viser eit betydeleg potensial for

meirinntekter.

I dag skjer betalingsoppmodinga ein gong pr. år ved ein innbetalingsgiro i bladet. Dette er ein terskel, og enklare betalingssystem burde ligge føre. Kanskje burde ein supplere med alternativ betalingsmåte for å få fleire til å betale?

SMS-betaling:

Eit tilleggsalternativ er sms-betaling. I kvart kyrkjeblad kan det vere ein annonse som syner at ein kan gje eit eigendefinert beløp ved å sende sms-melding til eit oppgitt telefonnummer, og beløpet vert belasta telefonrekninga.

Kyrkjeverja har innhenta tilbod frå nokre systemleverandørar, og det mest gunstige tilbodet har ein årskostnad på kr 1020,- og etableringskostnad på kr 1500.

I tillegg vert det rekna provisjon på 10% (+ kr 3,- i transaksjonsavgift) av gitt beløp.


Om dette skal vere rekningsssvarande krev dette (sjå graf) nedanfor:

Ved kr 100,- pr. sms: minimum 12 personar (30 første år) trengs for å finansiere systemkostnaden.

Ved kr 200,- pr. sms: minimum 6 personar (15 første år) trengs for å finansiere systemkostnaden.

Med andre ord betyr dette at det krevst at minimum 6 personar (nye betalarar) ekstra betalar med sms i eit normalt driftsår for at systemet skal vere lønnsamt å etablere.

Om ein først innfører system med sms-betaling, kan ein utvide bruken, t.d. i samband med andre gåveaksjonar, og slik redusere grunnkostnaden pr. transaksjon, i og med at det ligg to kodeord i grunnpakka.



- Annonseinntekter

Ein gjennomgang av annonsetala siste to år, viser at dette i praksis er ein kostnad for soknet. Intensjonen med å dreie annonsørane inn mot småannonser (som gir større inntekt) har ein ikkje fått til. Ingen har bestilt slike annonsar.

I dei 7 utgåvene av bladet i 2014 og 2015 har ein berre hatt 10 halvsider annonsar med ein samla inntekt på kr 7050,- for desse åra.

For å komme i pluss med ei annonseside må ein ha ein inntekt på kr 1590,-/1730,- pr. annonseside (12 s/16 s) med dagens opplag. I dag er inntekta 1200,- pr. side (ved halvsider annonsar).

Det er generelt krevjande å selje inn annonsar, og dette vil truleg verte endå meir krevjande om ein aukar opp annonseprisane. Ei dobling av prisen er truleg nødvendig om ein skal ha noko igjen for tilbodet.

Andre moment:

Andre moment er ikkje teke med i vurderingane, men det er sjølvsagt mogleg t.d. å vurdere å kutte fullfargetrykk, permanent redusere sidetalet til 12 sider pr. nummer, eller redusere årleg tal utgåver. Dette har betydeleg kostnadseffekt, men vil samtidig redusere bladkvaliteten og lesaropplevinga.

Ein naturleg følgje av dette vil kunne vere reduserte gåveinntekter for bladet.

Nivået på rettleiande bladkontingent er heller ikkje vurdert, då talet betalarar er prioritert.

Tiltak for å styrkje kyrkjebladøkonomien frå 2016:

1. Trykkekostnader:

Halde trykkekostnader på eit lågt nivå ved berre å ha tre nummer pr. år (normalt med 16 sider). Forventa utgift ca. kr 83.000,-, men ei innsparing på om lag kr 25.000,- årleg i forhold til 4 nummer fast.

2. Annonser:

Om ein vil halde fram med annonsetilbodet, må ein auke opp annonseprisen med 100%. Årleg effekt vert likevel marginal.

3. Kyrkjeofringar:

Halde oppe eit høgre tal kyrkjeofringar til bladet gjerne to gonger pr. år der det er gudsteneste minst kvar 3. veke (Askvoll, Holmedal, Kvammen, Bulandet) og minst 1 gong pr. år i Vilnes.

Dette gir 9 ofringar pr. år, ein forventa inntekt på ca kr 18.000,- pr. år.

4. SMS-betaling:

For å nå nye betalarar kan ein innføre sms-betalingsystem. Forventa inntektsauke som følgje av dette er heilt ukjent.

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd iverkset tiltak 1-4 som vert føreslege i kyrkjeverja si saksutgreiing.

MØTEHANDSAMING

I møtet vart det sett fram følgjande forslag i tillegg til kyrkjeverja sine fire tiltakspunkt for å styrkje kyrkjebladøkonomien:

Nytt pkt. 5: I haustnummeret 2016 vert det informert om den økonomiske situasjonen for kyrkjebladet i tillegg til at det vert lagt inn ordinær innbetalingsgiro.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd vedtek kyrkjeverja sine fire tiltaksforslag, samt tilleggspunkt 5 for å styrkje kyrkjebladøkonomien.

FR 2016/14 Årsrekneskap og årsmelding 2015

UTGREIING

Etter Forskrift om økonomiforvaltningen for kirkelige fellesråd og menighetsråd i Den norske kirke § 5-1, 4. ledd, skal rådet sjølv vedta årsrekneskapen, og vedtaket skal angi disponering av evt. mindreforbruk/dekking av evt. meirforbruk.

Årsrekneskapen for Askvoll sokn er lagt fram av kyrkjeverja.

Totalt har ein eit mindreforbruk i driftsrekneskapen på kr 342.618,- og har vidare kr 92.146,- udisponert i investeringsrekneskapen (på prosjekt 1002, Kvammen kapell).

Soknerådet står fritt til disponering av overskotet i drifta, men overskot i investeringsrekneskapen må nyttast til investering.

Kyrkjeverja tilrår at udisponert beløp i investeringsrekneskapen skal nyttast til samme investeringsføremål, altså på prosjekt 1002, Kvammen kapell. I investeringsbudsjett for 2016 er dette allereide budsjettert.

Mindreforbruket i drift bør dels nyttast til å dekke kostnad ved utbetring av forsikringskadar som har oppstått denne vinteren. Eigendelar/avkorting utgjer kr 50.000,- pluss kr 22.893,-). Resterande del av mindreforbruket (kr 269.618,-) bør kunne delfinansiere pågåande investeringsprosjekt. Pr. i dag veit ein ikkje kvar det vil vere trong for auke i finansiering, så i første omgang kan ein setje desse midlane av til ubunde investeringsfond.

Ein får med kyrkjeverja si tilråding slik budsjettendring for 2015:

DRIFTSBUDSJETT		Utg. opp/ innt.ned	Utg.ned/ innt.opp
32300.200.04200.000.0000.0	Vedlikehald og reparasjonar	73.000,-	
39300.200.04200.000.0000.0	Bruk av tidl. års rekneskaps mindreforbruk		-73.000,-
	Sum	73.000,-	-73.000,-

INVESTERINGSBUDSJETT		Utg. opp/ innt.ned	Utg.ned/ innt.opp
45400.200.04100.000.0000.0	Avsetnader til ubunde investeringsfond	270.000,-	
49300.200.04100.000.0000.0	Bruk av tidl. års rekneskaps mindreforbruk		-270.000,-
	Sum	270.000,-	-270.000,-

Kyrkjeverja har vidare utarbeidd forslag til årsmelding for 2015 og denne vert føreslege vedteke.

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd vedtek årsrekneskap og årsmelding som dei ligg føre i forslag frå kyrkjeverja.
2. Mindreforbruk i driftsrekneskapen og udisponert i investeringsrekneskapen vert nytta i samsvar med forslaget frå kyrkjeverja.
3. Kyrkjelydens årsmøte vert 10. april i Askvoll kyrkje etter samtalegudstenesta kl. 13.45.

MØTEHANDSAMING

Grunna forhold ved forsikringsoppgjer samband med forsikringsskade på Vilnes kyrkje vart denne saka lagt fram med korrigerede tal for disponering av mindreforbruk i driftsrekneskapen i møtet. Tala er korrigerede i saksutgreiinga.
To korrigeringar i årsmeldinga vart føreteke i møtet.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd vedtek årsrekneskap og årsmelding som dei ligg føre i forslag frå kyrkjeverja.
2. Mindreforbruk i driftsrekneskapen og udisponert i investeringsrekneskapen vert nytta i samsvar med forslaget frå kyrkjeverja.
3. Kyrkjelydens årsmøte vert 10. april i Askvoll kyrkje etter samtalegudstenesta kl. 13.45.

FR 2016/15 Brannsikring Vilnes kyrkje. Val av løysing for alarm- og automatisk slokkeanlegg

UTGREIING

Grunna forseinka mottak av skissenotat for brannalarm og slokkeanlegg på Vilnes kyrkje, vart saka lagt fram i møtet utan utgreiing og innstilling.

Kyrkjeverja orienterte om innhaldet i skissenotatet.

MØTEHANDSAMING

Kyrkjeverja sette fram følgjande innstilling i møtet:

1. Askvoll sokneråd arbeider vidare med prosjekteringsarbeidet etter skisseforslaget frå Cowi AS.
2. Endeleg val av løysing kjem ein tilbake til etter kvart.
3. Søknad om endringsalternativa vert sendt Bjørgvin biskop for godkjenning.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd arbeider vidare med prosjekteringsarbeidet etter skisseforslaget frå Cowi AS.
2. Endeleg val av løysing kjem ein tilbake til etter kvart.
3. Søknad om endringsalternativa vert sendt Bjørgvin biskop for godkjenning.

FR 2016/16 Gjennomgang av stillingsinstruksar i Askvoll sokn

MØTEHANDSAMING

Tilleggssak lagt fram i møtet i samband med handsaming av skriv og meldingar:

Forslag om at AU føretek ein gjennomgang av stillingsinstruksane for dei tilsette i soknet.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. AU føretek ein gjennomgang av stillingsinstruksane for dei tilsette i soknet.